



Når skal det skje noko med skulen? (Foto: Ola Matti Mathisen)

Innspurten i arbeidet med kommunebudsjettet og økonomiplanen er i gang. Formannskapet skal torsdag drøfta og arbeida vidare med rådmannens budsjettal. Fjorten dagar seinare skal det vedtakast i kommunestyret.

Spørsmålet er så om Uskedalen denne gongen vert tildelt nokre kroner! Uskedalingane er tydelegvis beskjedne, og det er ikkje komen inn mange innspel om tiltak i Uskedalen til rådmannen; litt fleire til formannskapspolitkarar.

Leiinga i oppvekstsenteret melde for få år sidan frå om dårleg bygningssituasjon ved skulen. Dette har vorte utsett, og kom heller ikkje med på rådmannens budsjettutkast denne gongen. Politkarane prøver no å få nokre millionar med på økonomiplanen for 2012-14, som skal vedtakast torsdag den 16. desember.

På eit tidlegare budsjettmøte snakk rådmannen om utsetjing og eventuell stengjing av skulen. Det har vore trudd at det ikkje ville koma pengar til skulen før i 2015. Kanskje greier politikarane få til at det kan gjerast noko før 2015!? Ordet stengjing har sege sterkt!!

Uskedalen Utvikling kom på banen i siste sving med å få midlar til ein såkalla tettstadanalyse for Uskedalen. Rådmannen har teke dette arbeidet med på handlingsplanen, men ikkje pengar på budsjettet. No prøver politikarane å få 250.000 kroner med på økonomiplanen i 2012, kanskje alt på budsjettet for 2011.

Vidare vert det arbeid med å få inn meir pengar på veglysektoren. Dermed kan då folk på Beinavikjo kanskje verta opplyst.

Då brannstasjonen i Uskedalen vart redda frå nedleggjing, er det som følge av det avsett pengar til stasjonen.

Busslomma på Ljosnes, som ikkje er komen endå, er det pengar på årets budsjett til.

Framover er det viktig at uskedelingane og Uskedalen Utvikling har prosjekt og arbeider etter kvart høglytt med dei. Kanskje kan nokre av dei arbeidast inn i økonomiplanan i seinare år. Det er viktig å melda frå om og stå på om dette skal skje.

Det er under arbeid ein Trafikksikringsplan for kommunen. Her vil det vera naturleg å arbeida inn gang- og sykkelveg frå Uskedal Bru til Fedt, Eik og Steinsletta. Kanskje kan ein også få med i ein plan oppmerka vegkryss, til dømes i Korsnes.

Resten av sentrum bør vel også koma med i kloakksystemet. Det må kjempast inn i ein plan.

t-